



Hardangerrådet iks



Hardanger

Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no

Nasjonal satsing på rassikring.

Hardangerrådet, regionrådet for Eidfjord kommune, Kvam herad, Ullensvang kommune, Ulvik herad og Voss herad viser til tidlegare uttalar frå medlemskommunar og dialogmøte på Stord 21. februar 2020.

Nasjonal rassikringsgruppe har konkludert med å tilrå rassikringsprosjekt løyst i komande NTP – 2022- 2033 med 71 mrd kroner nasjonalt. Vestland er rasfylke nummer 1 og bør setja rassikring som si hovudmålsetjing. Rapporten frå Nasjonal rassikringsgruppe viser at det er overkomeleg å rassikra heile landet med under 6,67 prosent av inneverande NTP-ramme. Vestland har svært mange vegstrekk med alvorleg rasproblematikk, jf skred-databasen til Statens vegvesen. Det vil seia skredpunkt på vegnettet med høg, eller middels høg skredfaktor. Slik kan det ikkje fortsetja. No krev Hardangerrådet at raskommunane sine rettferdige krav om rassikre vegar vert sikra gjennom ei nasjonal målsetjing i komande NTP. Vestland fylke må krevja at Nasjonal rassikringsgruppe sine konklusjonar blir lagt til grunn i komande NTP og finansiert som 1.prioritet med 71 mrd kroner. Noko som også er i tråd med både Hordaland og Sogn og Fjordane fylke sine tidlegare vedtak.

Hardangerrådet stiller seg positive til fylkesrådmannen si innstilling i høyringa til NTP, men meiner at ein på punktet om rassikring må talfestast i tråd med nasjonal rassikringsgruppe sin konklusjon.

Kinsarvik 04.05.2020

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Torgeir Næss
rådsordførar
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar